

Fleire eigedomar "ledige" på Børnes

04.09.2007

Kva som skal og bør skje på Børnes Industriområde i Uskedalen framover er eit aktuelt tema som etter kva uskedalen.no høyrer vil bli teke opp under valmøtet på Helgheim tirsdag kveld. No er fleire eigedomar der "ledige", opplyser Per Gunnar Haavik i Haavik Eigedom.

Sjølv har han eigedomen sin på 2,8 dekar lagt ut til sal og i tillegg kjem eigedomen etter Guddal Transport, som er nabo til Haavik.

Tomta til Haavik Eigedom, som no er avertert i lokalpressa, er delvis opparbeidd. På den står ein bygning som inneheld uisolert lager, isolert verksted/lager, kontor, pauserom og wc.

- Firmaet vårt tilrettela og bygde på eigedomen midt på 1980-talet og sjølv budde eg i Herøysund til for tre år sidan. Då flytta eg til Fusa der eg no er prosjektleiar i kommunen, fortel Per Gunnar Haavik, som held fram:

- Bror min dreiv vidare på Børnes, men han døydde brått for halvtanna år sidan. Siden har det lege brakk der og eg har no bestemt meg for å selja. Førebels har det ikke kome inn noko bod, men eg har hatt fleire interessante førespurnader. Lukkast det ikkje med sal, vil eg sjølv freista å skapa aktivitet på Børnes.
- Kva slags aktivitet?
- Det vil eg førebels halda for meg sjølv, svarar per Gunnar Haavik.

Ei nyetablering kjem på Børnes – Rune Hjørnevåg skal slå seg ned med drivstoffsalet sitt til modellar vis a vis Hjørnevågs produksjonsanlegg.

Av Ola Matti Mathisen